



Arkivsaknr: 2023/2286-20
Sakshandsamar: Asbjørn Nagell Toft
Avdeling: Plan, bygg og oppmåling

SAKSFRAMLEGG

Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplanen for naturmangfald i Austrheim kommune med handlingsdel datert den 28. august 2024 vert godkjent. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Kommunedelplanen for naturmangfald i Austrheim kommune datert den 28. august 2024 med handlingsdel er no klar til godkjenning. Formannskapet vedtok oppstart av planarbeidet i møte den 24.03.2022. Formannskapet vedtok den 01.02.2024 i sak 9/2024 å senda Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune ut på offenleg ettersyn. Rapporten då var datert den 20. desember 2023 (Nr. 4082). Høyringsfrist vart sett til 8. april 2024. Høyringa vart annonsert på vanleg måte i lokalavis/heimeside og ein del lag/organisasjonar og offentlege instansar vart tilskrivne.

Saksopplysningar

Det er verksemda Rådgivende Biologer AS som har levert det omfattande plandokumentet.. Kommunen fekk kr. 150.000 i tilskot frå Miljødirektoratet til denne planen. I arbeid med utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald har det vore viktig å få å ei oversikt over kunnskapsgrunnlaget me har for naturmangfald i kommunen, men og utarbeida oversiktlege kart som samanfattar den innsamla kunnskapen. Dette både på sjø og land, men det vil alltid vera trong for meir kunnskap framover, men dette er ei god byrjing. Formannskapet vedtok den 01.02.2024 å senda planframlegget ut på offentleg ettersyn. Merknad til planframlegget måtte sendast innan 8. april 2024. Det vert halde eit ope informasjonsmøte tysdag den 27. februar kl. 18 på kommunehuset i Austrheim. Her kunne folk læra meir om naturen i kommunen, men og koma med opplysningar til planframlegget. Det kom følgjande 6 merknadar til planframlegget (forkorta i teksten nedanfor):

1. Statsforvaltaren i Vestland, deira merknad er datert den 05.04.2024. Dei skriv mellom anna: *Forslag til kommunedelplan for naturmangfald som er sendt på høyring og offentleg ettersyn går lite inn på korleis de har tenkt å bruke denne kunnskapen inn mot til dømes arealdelen av kommuneplanen.* Dei ynskjer at denne planen skal sjåast i i samanheng med den langsiktige arealforvaltninga, men og korleis planen skal hjelpe kommunen med å ivareta naturmangfaldet, ei forplikting opp mot kommuneplanen. Statsforvaltaren peiker på at den planen skal vera eit viktig kunnskapsgrunnlag i rullering av arealdelen til kommuneplanen, og koplinga til KPA er eit av dei viktigaste måla med ein slik plan. Gode kart er viktig for å då dette på plass. Dei peiker og på geografiske stadar som bør koma med i rapporten som er viktige leveområde for fuglar. Dei peiker på at handlingsdelen er ein vesentleg del av kommunedelplanen, og den bør innehalde satsingsområde og tiltak.. Statsforvaltaren skriv og: *Klima er lite omtalt, og det kunne med fordel vore fokusert meir på "kinderegglysingar" som både er viktige for naturmangfaldet, karbonlagring og klimatilpassing. Dette kan vere aktuelt også mot handlingsdelen, der aktuelle mål eller tiltak kan vere restaurering av myr og våtmark*

Austrheim kommune sin kommentarar til merknaden: Me har lese merknaden frå Statsforvaltaren i Vestland og har i hovudsak teke med oss dette inn i den endelege planen. Den er omstrukturert på ein del område. Handlingsdel er og teke med no. Me tek elles merknaden til orientering.

2. Vestland fylkeskommune, deira merknad er datert den 04.04.2024. Dei skriv mellom anna: *Fylkeskommunen ber om at det vert utforme arealstrategiar som vert førande for arealdisponeringar og politiske prioriteringar i kommunen framover. Då bør ein i samband med denne kommunedelplanen nytte høvet til å få tydelege politiske vedtak som ein faktisk kan styre arealbruken etter i den komande arealplanlegginga i kommunen. Alternativt kan ein utforme forslag til framtidige arealstrategiar, som kommunen kan nytte i neste rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel.* Fylkeskommunen skriv og at: *Klimaendringane påverkar økosystema, men den største utfordringa for naturen er arealbruk. For at artar og naturtypar som er trua av klimaendringar skal klare å tilpasse seg er det naudsynt å sikre varierte og tilstrekkeleg store samanhengande naturområde som gjer det mogeleg for artane å flytte på seg, samt sikre stor nok bestand. Austrheim kommune er no i gong med å styrke kunnskapsgrunnlaget, for i neste omgang å kunne treffe ansvarlege arealdisponeringsbeslutningar.*

Dei viktigaste naturtypene i eit CO2-perspektiv er myr, gammal skog og langvarig grasmark. I myr er det først og fremst grunna karbonlager i ufullstendig nedbrote plantemateriale. I gammal skog er det både vegetasjon og jordsmonn. I semi-naturleg eng utgjør det store rotsystemet til graslet eit stort karbonlager. Store karbonlager i naturen er moden boreal skog (gammalskog), myr og våtmark,

semi-naturleg eng og kystlynghei. Austrheim kommune innehar fleire av desse naturtypene, og syner eit særleg fokus på mellom anna kystlynghei, som er viktig både i eit utsleppsperspektiv, og artsmangfaldsperspektiv.

Ein av strategiane i vår klimaplan, definert under slik gjer med det i Vestland, er; «Kystlyngheiane vert teke i vare gjennom berekraftig skjøtsel, og tradisjonelle landbruksmetodar». Vi er difor glade for at Austrheim både ser denne verdien, og ønskjer å følgje opp skjøtsel av dette viktige kulturlandskapet gjennom diverse tiltak og forsterka samarbeid med landbruksnæringa i kommunen. Vi kan og leggje til at som ein del av skjøtsel av kystlyngheiane kan samarbeid med lokale redningsinstansar, som brannvesen, vere fornuftig, og bidra til å ta ned klimarisiko forbundet med lengre tørkeperiodar og brannfare i utmark/innmark.

Austrheim kommune sin kommentarar til merknaden: Me har lese merknaden frå Vestland fylkeskommune og har i hovudsak teke med oss dette som kjem frå dei inn i den endelege planen. I handlingsden er det kome med både arealbruk og arealstrategiar, men og skjøtsel av kystlynghei med meir teke med no. Me er og samd i det fylkeskommunen skriv i sin konklusjon til slutt «*Det ein er glad i, tek ein godt vare på.*» Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering.

3. Fiskeridirektoratet, deira merknad er datert den 05.05.2022. Dei skriv mellom anna: *Vi er positive til at vidare arbeid vil innebære mer kartlegging av det marine mangfoldet og naturtypene i sjøen. Kystverket har ingen ytterligere merknader til kommunedelplan for naturmangfold.*

Austrheim kommune sin kommentarar til merknaden: Me har lese merknaden frå Fiskeridirektoratet. Naturtypar i sjø og det biologiske mangfaldet her er med i planen. Me tek elles merknaden til orientering.

4. Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland, deira merknad er datert den 08.04.2024. Dei skriv mellom anna: *Rapporten fra Rådgivende biologer fremstår som et godt kunnskapsgrunnlag, men det mangler en handlingsdel i planen – altså i praksis en plan for naturmangfoldet i kommunen.* FNF bidreg og med ny konkret artsinformasjon i sin merknad. Dei viser m.a. til at verksemda Biofokus har gjort *funn av heistarr og snøfrostmose – begge i rødliste-kategorien nær truet.* Også andre artar har FNF kom med i sin merknad. Alle sikre funn her skal vera lagt ut i Artskart. Til slutt skriv FNF at dei vil *gi kommunen honnør for at de prioriterer å lage en kommunedelplan for naturmangfold – med det formål å ta best mulig vare på arter og naturtyper i kommunen.*

Austrheim kommune sin kommentarar til merknaden: Me har lese merknaden frå FNF og har i hovudsak teke med oss dette inn i den endelege planen. Handlingsdel er og teke med no. Me tek elles merknaden til orientering og er glad for artsopplysingane som dei kom med.

5. Naturvernforbundet Nordhordland, deira merknad er datert den 08.04.2022. Dei skriv mellom anna at: *Planen manglar handlingsdel slik Miljødirektoratet (MD) føreskriv i rettleiaren sin til planen. Naturkrise er eksistensiell. Artar forsvinn i rekordfart. Naturtypar som understøtter dei, vert bygd ned i like stort tempo. Vi står føre den sjette masseutryddinga. Difor har naturavtalen i Montreal vedteke 30 % vern og 30 % restaurering innan 2030. Noreg er forplikta av avtalen, og kommunane står i førstelinja når natur skal bevarast. Naturvernforbundet skriv og at: Å stansa naturtapet krev kraftfulle tiltak, men trass i grundig og god naturkartlegging manglar kommunedelplanen for*

Austrheim tydelege strategiar, mål og tiltak for å følgja opp kartlegginga. Dei ynskjer at ein handlingsdel prioriterer følgjande strategiar, mål og tiltak for bevaring av naturmangfald i Austrheim.

-Arealstrategiar

-Vidare kartlegging

-Skjøtsel

-Restaurering

-Informasjon

På side 2 i deira skriv står det utfyllande tekst bak kvart tema Naturvernforbundet vil ha med her.

Austrheim kommune sin kommentarar til merknaden: Me har lese merknaden frå Naturvernforbundet i Nordhordland og har i hovudsak teke med oss det dei kom med inn i den endelege planen. Ein meir omfattande handlingsdel er no laga. Mange av deira merknadar er såleis vorte innarbeidd i kommunedelplanen si handlingsdel. Planen vert ikkje lagt ut på ny offentleg ettersyn, det handlar om ressursbruk, men og i forhold til løyvinga og ressursane me har og fekk til dette planarbeidet. Me tek elles merknaden deira til orientering.

6. Aksjonsgruppa Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen, deira merknad er datert den 07.04.2024. Dei skriv mellom anna: *God forvaltning av naturareala i kommunane er enormt viktig, både i lokal, nasjonal og global samanheng. Menneskeleg arealendring er den største påverknadsfaktoren for naturmangfald i Noreg i dag, og det går jamt over feil veg. Raudelista for både artar og naturtypar blir stadig lengre og raudare, samtidig som den menneskelege ekspansjonen stadig legg under seg nytt areal for utbygging av industri, bustad, veg m.m. Dei skriv og at: Når Noreg forplikta seg til Montreal-avtalen, som krev 30% vern og 30% restaurering, så var det fordi naturkrisa er høgst eksistensiell for både oss sjølve og alle andre artar. Dei ynskjer at det vert utarbeida ein handlingsdel til rapporten.*

Dei ynskjer ein strategi for arealbruk. Aksjonsgruppa skriv at: *Spesielt bør ein fokusera på dei få store uberørte areala som er igjen, og då er dette ein gylden anledning for kommunen til å ta det standpunktet at Øksnesmarka bør bevarast med sine store naturlege kvalitetar i form av kystlynghei, karbonrik myr, som leveområde for trua artar som hubro, som utmarksbeite og som rekreasjonsområde for menneske. Tida er overmoden for dette, og det vil gje ei stjerne i marginen for kommunen og visa at me ønskjer å gå inn i framtida med «opne landskap, ope sinn».*

Aksjonsgruppa ynskjer arealreknskap/arealnøytralitet: Dei skriv mellom anna dette: *Her òg kan Austrheim kommune nytta høvet til å visa seg som ein føregangskommune i ei omstillingstid. Sirkulær økonomi kjem til å koma anten me vil eller ikkje, og dei som kjem best frå det er dei som er førebudd. Ein målsetnad om arealnøytralitet er ein god start.*

Dei ynskjer bevisstgjerung om kva naturverdiar me har: Dei meiner at: *Handlingsdelen i kommunedelplanen bør visa til strategiar for å få innbyggjarane ut i naturen. Dette har òg med folkehelse og sosiale forhold å gjera. Grendene har mykje å tena på aktive innbyggjarar som vil engasjera seg t.d. i å bekjempe attgroing og spreing av framande artar, eller ved tilrettelegging for forskjellige nye fritidsaktivitetar i friluft.*

Dei skriv avslutningsvis følgjande: *Ei satsing på å ivareta natur er den tryggaste og sikraste satsinga Austrheim kommune kan gjera.*

Austrheim kommune sin kommentarar til merknaden: Me har lese merknaden frå Aksjonsgruppa og har i hovudsak teke med oss dei re merknadar inn i den endelege planen. Handlingsdel er og teke med no. Der er det med å folk ut i naturen og arbeida aktivt for å ta vare på kulturlandskapet vårt er kome med her. Arealbruk er og politikk, så i ei rullering av kommuneplanen sin arealdel vil det som aksjonsgruppa her tek opp verta vurdert. Me tek elles merknaden til orientering.


Austrheim kommune sin sluttcommentar til alle merknadane:

Austrheim kommune har etter beste evne teke med viktige merknadar inn i den endelege kommunedelplanen. Me vil takka alle for konstruktive innspel og merknadar, og for å ha motivert oss til å fullføra dette omfattande planarbeidet. Denne kartlegginga og planarbeidet har gjeva oss nyttig verdisettingar av område som har nasjonal, regional og lokal verdi. Me har og fått inn ny og systematisert kunnskap som kommunen, innbyggjarane og skulane i dag ikkje har om vår natur og fauna. Dette kan og vera ein ressurs både i forskning, undervisning, arealforvaltning og i reiselivssamanheng framover. Det er kome inn nyttig informasjon til dette planarbeidet frå frivillige lag, landbruksnæringa, kystfiskarar og andre. Folk med god biologisk kompetanse i Naturvernforbundet, FNF, men og privatpersonar i andre organisasjonar har kome med viktig opplysingar til dette planarbeidet. Mange fagfolk med viktig artskunnskap har og bidrege. Det har i særleg grad vore tilsette hjå Statsforvaltaren i Vestland og frå Havforskninga i Bergen. Også reiselivsfolk og folk tilsett i akvakulturnæringa har kom med opplysingar som er kome med i denne planen. Alle merknadar er grundig lese og gjennomarbeidd som vist over. Austrheim kommune vil takka alle som har engasjert seg og hjelpt oss i dette planarbeidet!

Kommunedelplan for naturmangfald

Ei konsulentverksemd med god kunnskap om biologi/natur har levert den endelege rapporten. Det er Rådgivende biologer AS som har hjelpt oss med dette arbeidet, det er gjort i eit godt samarbeid med Austrheim kommune. Det er gjennomført fleire intervju, synfaringar og artregistreringar i dette endelege arbeidet. Eldre rapportar om tema er samla inn og brukt aktivt her. Det gjeld Viltrapporten frå 2003 (**Viltet i Austrheim**) og Naturtypekartlegginga frå 2003 (**Kartlegging og verdisetjing av Naturtypar i Austrheim**). I tillegg er det kome inn viktig kunnskap frå andre rapportar/utgreiingar om natur/artar i kommunen vår. Det er no utarbeidd ein handlingsdel til den endelege kommunedelplanen. Framsida av rapporten med nr. 4279 kan du sjå under:

Kommunedelplan for
Naturmangfald



Austrheim kommune

R
A
P
P
O
R
T

Vurdering

Austrheim kommune sitt mål med kommunedelplanen for naturmangfald er å få ein samla oversikt og ei heilskapleg framstilling av naturmangfaldet i kommunen. Kommunedirektøren ynskjer og at planen skal føre til auka interesse og kunnskap for folk flest for natur, men og føra til at me saman tek vare på dei ulike artane og naturtypane me finn her. Denne endelege rapporten vår er ein oppdatert versjon der ny artskunnskap som er innhenta i høyringsrunden er lagt inn, samt ein oppdatert handlingsdel (side 5-11).

Naturmangfaldet er under stadig press både som følgje av arealomdisponeringar til nye utbyggingsformål og som følgje av innbyggjarane sin bruk av areala til friluftaktivitet og rekreasjon. Kommunedirektøren er glad for at kommunedelplan for naturmangfald no er klar til godkjenning. Dette planen kan bevisstgjera folk om verdien av å ta vare på naturen og miljøet vårt. Kommunedirektøren vil og peike på at det er mange eldre gjerder som ikkje lenger er i bruk og som no ligg nede og som lett kan skada både folk og dyr. Slike praktiske tiltak som å fjerne farlege gjerder og avfall i naturen kan alle gjera for naturmangfaldet vårt.

Kommunedirektøren meiner at noko av det viktigaste for å sikra ei god forvaltning av naturmangfaldet er god art- og naturkunnskap hjå lokalpolitikarar, administrasjonen og innbyggjarane våre. Ein slik planprosess er ein god måte å sikra refleksjon og bevisstgjerjing om dette viktige temaet. Me må ta vare på livet og artsmangfaldet i kommunen vår. Me har som eit mål at både barnehagane og skulane våre skal få born og unge til å verta gode naturbrukarar og naturelskarar.

Det å sikra tilstrekkelege areal med natur, men og restaurera eldre typar kulturlandskap som til dømes kystlyngheier og eldre beitemarker i samarbeid med ulike aktørar er og viktig framover. Me må og ha fokus på framande arter og korleis me skal unngå at dei sprer seg. Kommunedirektøren meiner det er viktig å prøve å fjerne heilt dei framande artane som det er mogeleg å få vekk. Kommunen vil og bruke planen som eit verkty for å få ei så god arealforvaltning som mogleg framover og ha strategiar for arealbruken framover. Handlingsdelen viser kva som skal gjerast her.

Kommunedelplanen bidreg til å styrkja merksemda og samarbeidet på dette viktige området. Aktiv landbruksdrift og skjøtsel er naudsynt for ivaretaking av det biologiske mangfaldet for slike verdifulle naturtypar. Kommunedirektøren synes det og er positivt at vernearbeidet for våtmarksområda ved Purkebolvatnet no har starta opp no. Det marine verneområdet i Lurefjorden og i straumane våre er i dag formelt verna. Kommunedirektøren meiner og at Austrheim kommune aktivt må forvalta våre verdifulle kystlandskap framover. Målet må vera å ta vare på dei mest samanhengande og dei større kystlyngheiane i Austrheim.

Økonomiske konsekvensar

Kommunedelplanen for naturmangfald har ingen økonomiske konsekvensar.

Miljømessige konsekvensar

Kommunedelplanen for naturmangfald gjev betre kunnskap i saker som kan få miljømessige konsekvensar. Den har positive miljømessige konsekvensar.

Kommunedirektøren synes planfirmaet Rådgivende Biologer AS med sine dyktige fagfolk har gjort eit godt arbeid med å utarbeida denne endelege kommunedelplanen. Det var og positivt at det vart gjennomført eit temamøte i høyringsperioden der alle som ville kunne kan koma med viktige opplysingar til planframlegget. Arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald er ikkje ferdig når planen er vedteken. Det er når planen er vedteken at det verkjelege arbeidet med å registrere, ta vare på og restaurere naturmangfaldet i startar. Det er difor og positivt at det er kome med ein omfattande handlingsdel til planen. Kommunedirektøren meiner at kommunedelplanen no klar til å godkjennast slik den ligg føre.

Kommunedirektøren si tilråding

Vedlegg

- 1 4279 Kommunedelplan Naturmangfald. Austrheim kommune 28.08.24.pdf
- 2 Forum for natur og friluftsliv Hordaland - uttale kommunedelplan for naturmangfald
- 3 Statsforvaltaren i Vestland - Uttale - Offentleg ettersyn - Austrheim - kommunedelplan for Naturmangfald
- 4 Aksjonsgruppa nei til rasing av Øksnesmarka og Åråsvågen - merknadar til kommunedelplan for naturmangfald
- 5 Naturvernforbundet nordhordaland - merknader til kommunedelplan for naturmangfald
- 6 Uttalelse til kommunedelplan for naturmangfold i Austrheim kommune - Vestland fylke.pdf
- 7 Uttale til offentlig ettersyn - kommunedelplan for naturmangfald - Austrheim kommune.pdf
- 8 Fiskeridirektoratet - fråsegn til kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune.pdf

Kommunedelplanen for naturmangfald med handlingsdel er klar til godkjenning.